

**Møtebok**  
**frå**  
**utdanningsutvalet**

**Møtestad:** AR-T 401  
**Tid:** 21.09.2016 kl. 9:00 - 11:30

**Fylgjande faste medlemmer møtte:**

Bjørheim, Jonas  
Brun, Eric Christian  
Hauken, Håkon  
Hoff, Lene Katrine  
Husebø, Dag  
Melberg, Jorunn  
Nielsen, Marit Aamodt  
Ofteidal, Bjørg Frøysland  
Selvik, Jon Tømmerås  
Sjøberg, Jørgen  
Trulsen, Stine

**Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Knutsen, Ketil

**Fylgjande varamedlemmer møtte:**

Brita Strand Rangnes

**Frå utvalsekretariatet møtte:**

Veslemøy Hagen  
Eilef J. Gard  
Marit Cecilie Farsund  
Stig Selmer-Anderssen  
Kristofer Henrichsen

Møtet vart leia av Dag Husebø

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU <a href="#">25/16</a>	Godkjenning av innkalling		
UU <a href="#">26/16</a>	Møtebok frå utdanningsutvalet 25. mai 2016		15/01302-40
UU <a href="#">27/16</a>	Endring av namn på studium		15/05228-6
UU <a href="#">28/16</a>	Akkreditering - Nordic Master in Social Work and Welfare		15/01629-4
UU <a href="#">29/16</a>	Studieportefølje ved UiS, opptak og dimensjonering av studier 2017-2018. Forslag til opptaksrammer.		16/02776-10
UU <a href="#">30/16</a>	Fastsetjing av undervisningsterminar for studieåret 2017 - 2018		15/05234-2
UU <a href="#">31/16</a>	Andre orienteringssaker		15/02099-7
UU <a href="#">32/16</a>	Eventuelt		

Stavanger, 21.09.2016



Dag Husebø  
møteleiar

## UU 25/16 Godkjenning av innkalling

### Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

## UU 26/16 Møtebok frå utdanningsutvalet 25. mai 2016

### Vedtak:

Utdanningsutvalet godkjenner møtebok frå 17. februar 2016.

## UU 27/16 Endring av namn på studium

Utdanningsdirektøren innleia kort i saka.

Eric Brun og Jon Tømmerås Selvik fylte ut. Innhaldet i dei to programma i offshoreteknologi er breiare enn namnet har vist. NTNU har eit liknande studium som heiter undervannsteknologi. UiS har ynskt å profilera studiet meir mot offshore for å spissa retninga, men pga endringar i arbeidsmarknaden er det naudsynt å endra namnet for å syna breidda i studiet.

Utvalet diskuterte kort den nye studiekvalitetsforskrifta sitt krav om at masterprogram skal vera fagleg breie og ikkje bindestreksprogram, og om dette ramma den omsøkte endringa av dei to programma i offshoreteknologi. Det vart konkludert med at namneendringane i dette tilfellet nettopp er gjort for å visa ein større fagleg breidde i programma.

Prodekan frå Det humanistiske fakultetet presiserte at master i lesevitenskap og nordisk har vore gjennom ei lang undersøkjing og diskusjon. Namneendringa er meir i tråd med det som marknaden og erfaringane tilseier og ein ynskjer å signalisera desse endringane i namnet.

### Vedtak:

Utdanningsutvalet tilrår universitetsstyret å endra namn på fylgjande studier:

- a) Master i offshoreteknologi - marin- og undervannsteknologi endrar namn til master i marin- og offshoreteknologi frå studieåret 2017 - 2018.
- b) Master i offshoreteknologi - industriell teknologi og driftsledelse endrar namn til master i industriell teknologi og driftsledelse frå studieåret 2017 - 2018.
- c) Master in Environmental Technology endrar namn til Master in Environmental Engineering. Spesialiseringa Offshore Environmental Engineering endrar namn til Offshore Environmental Technology frå studieåret 2017 - 2018.
- d) Master i lesevitenskap endrar namn til master i nordisk og lesevitenskap frå studieåret 2017 - 2018.

## UU 28/16 Akkreditering - Nordic Master in Social Work and Welfare

Utdanningsdirektøren innleia i saka.

Utvalet roste satsinga på ein felles master. Universitetet ynskjer å fremja etablering av slike studier. Dette er også eit samarbeid som involverer ein samarbeidspartner i ECIU, og som også er i tråd med universitetet sin strategi. Studieprogrammet vil også vera positivt for UiS sitt samarbeid med regionale aktørar i feltet.

Samtidig vart det vist til erfaringar frå Universitetet i Agder, der juridiske hindringar gjorde at ein fellesmaster mellom UiS og universitetet i Finland og Danmark gjorde det naudsynt å etablera bilaterale avtalar mellom institusjonane. Kan der vera slike hindringar her?

I diskusjonen om saka vart det vidare peika på fylgjande tilhøve som utvalet ber om avklaring på:

- Kva løysingar finst for kontinuasjonseksamen ved stryk med omsyn til at studentar flyttar mellom institusjonar frå eitt semester til neste?
- Er der studentbustader ved dei ulike institusjonane?
- Det er ikkje sagt noko om nettløysing for studiet. Vil det vera tilbod om fjernstudium?
- Arbeidsomfang i dei ulike emna er ikkje presisert.

**Vedtak:**

- Utdanningsutvalet akkrediterar Nordic Master in Social Work and Welfare, 120 studiepoeng. Utvalet ber om at kommentarane frå møtet vert kommunisert tilbake til fakultetet.
- Utdanningsutvalet tilrår universitetsstyret å etablera studiet med oppstart frå hausten 2017.

### **UU 29/16 Studieportefølje ved UiS, opptak og dimensjonering av studier 2017-2018. Forslag til opptaksrammer.**

Utdanningsdirektøren innleia i saka. Saka skal leggjast fram for styret i møte 4. oktober. På grunn av at saka ikkje var ferdig utgreia ved dato for utvalet sitt møte, vart det gjeven ei munnleg orientering.

Diskusjonen i saka dreia seg om korleis sak om studieportefølje, opptak og dimensjonering kan vera både eit økonomisk og strategisk styringsverktøy. Til oversikta i tabellen må det fylgja eit tekstleg dokument som framstiller dei vurderingane som er gjort mellom omsyn til økonomi i studier, kva fagleg profil universitetet og fakulteta skal ha, og samanheng mellom studier som er gjensidig avhengige av kvarandre.

Utdanningsdirektøren trekte framlegget til vedtak som låg i saksframlegget, og erstatta det med fylgjande:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

### **UU 30/16 Fastsetjing av undervisningsterminar for studieåret 2017 - 2018**

Utdanningsdirektøren innleia i saka. Det er sett opp relativt vide rammer for undervisningsterminar med oppstart tidleg i kvart semester. Spørsmål om oppstart av undervisning i høve til desse datoane vart avklara i ein forenkla høyringsrunde i 2014.

I diskusjonen i saka vart det understreka at fastsetjing av oppstartdato ikkje inneber eit pålegg om å starta undervisninga. Einingane kan sjølv planleggja oppstart og gjennomføring av ordinær undervisning og andre tiltak innføre dei fastsette undervisningsterminane. Einingane må i planleggjinga ta omsyn til gjennomføring av fadderveka og offisiell semesteropning i haustsemesteret og mottak av nye internasjonale studentar i vårsemesteret. Utvalet ber om at dette vert kommunisert til fakulteta.

Det vart også frå studentrepresentant peika på at det føregår mykje undervisning i stolpetimen, og at det i fylgje avtalen mellom universitetet og StOr ikkje skal skje. StOr vil fylgja opp dette ovanfor dei miljøa der dette førekjem og er kjent, men vil også be om at utdanningsdirektøren fylgjer opp dette med fakulteta.

Utvalet ber også utdanningsdirektøren om at dato for offisiell semesteropning vert fastsett med det fyrste, og rår til at den vert sett til måndag 14. august.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet fastset fylgjande undervisningsterminar for studieåret 2017 - 2018:

2017 haustsemesteret: måndag 7. august - fredag 22. desember.

2018 vårsemesteret: tysdag 2. januar - fredag 22. juni.

All undervisning og eksamen/prøve (jf. eksamensforskrifta) skal haldast innføre dette tidsrommet. Ulike typar prøvar eller forkurs og liknande, som er naudsynte for å begynna på undervisinga, kan gjennomførast før semesterstart. Slike tiltak skal vera omtalte i fag- og studieplanar og dessutan vera tydeleg annonserte.

Utvalet tilrår at undervisning normalt ikkje vert lagt til før semesteropninga.

Heilagdagane som kan falla i perioden mars - juni inneber årlege justeringar av undervisningsopplegget. Eksamenar, prøvar, oppgåver med meir, som er avlagde eller innleverde i perioden mellom 1. august og 31. desember og mellom 1. januar og 31. juli kjem fram på karakterutskrift/vitnemål som avlagde eller innleverde høvesvis i haustterminen eller vårterminen.

## **UU 31/16    Andre orienteringssaker**

Utdanningsdirektøren orienterte om høyring om framlegg til ny studietilsynsforskrift og om det arbeidet som er gjort tidlegare i år med førebuingar til endringar i eige regelverk.

Utvalet diskuterte implikasjonar av den nye forskrifta for UiS sitt eige kvalitetsarbeid. Utdanningsdirektøren har ansvar for arbeidet med implementering av forskrifta i UiS sitt regelverk og arbeid med kvalitet, og vil leggja fram sak for utdanningsutvalet om dette i fyrste møtet i 2017.

Sak om høyringsuttale til NOKUT vil verta lagt fram for utvalet i møtet 16. november. Einingane har fått frist til å gje uttale til 18. november, og frist for høyringssvar til NOKUT er 9. desember.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

## **UU 32/16    Eventuelt**

Der var ingen saker til eventuelt.